Det kann synast underlegt, at korkje Hundeidesbrevet eller dei andre diplom i fyre 1350 syner veikjing av *a* eller *u* (*o*) til *e* i endingar, som no er so sermerkelegt for desse maalføri. Grunnen er vel noko den at brevi er faa, og at det vanlege skriftbruk med sterk paaverknad fraa Nidaros og Bergen, der framskotet av *a* til *æ* ikkje høyrde heime, hev halde yvergangen ute fraa skrifti, endaa um han hev teke til i talen; men hovudgrunnen er vel, at denne vokstren enno ikkje hev skote so sterkt fram i maalføri, og at yvergangsvokalen hev vore ein ljod som enno hjaa dei fleste laag nærmare *a* enn *æ*. Det er trulegt, at alle desse maalføri paa den tid hev havt tvo slag *a*, liksom i alle fall maalføret i Nordfjord hev det enno. Den eine av desse *a*'ar i Nfj. er ein vanleg norsk *a* (= eng. *a* i *hard*), og vert bruka i ord som *tākā*, *hār* (gn. *taka*, *harðr*), men aldri i utljod. Den andre *a* (*å*) er sterkt framskoten og liknar eng. *a* i *man* ell. svensk ljøs *a*, og hev meir *a*-klang enn *a* i dsk. *gade*; han er den dag i dag den vokal som vert bruka i utljod der som maalføret no hev endingar paa *a*, t. d. *sālj'å*, *sīdå* (gn. *sokkin*, *sīdan*), ofte ogso i innljod t. d. *vānå*, *frāmmandå*. Dei tvo *a*'ar er i Nfj. vel skilde fraa kvarandre i uttalen, og *å* ligg i ytre Nfj. endaa so nær *æ*, at desse tvo ljodar i nokre ord er samanblanda, t. d. i Selje prg. *spānå* (gn. *speni*, m.) med same *å* som i *vānå* (gn. *vani*, m.) *hārannå* for *hæranne* (gn. *herðarnar*). Det er difor ikkje umogelegt at det er denne klangskilnaden millom dei tvo *a*'ar i desse maalføri, som etter 1350 hev vakse seg so sterk at han hev sett tydelege merke etter seg i skrifti, og som er grunnen til at desse elles so reint vestnorske maalføre sidan hev fenge *ø* i endingarne allstad der gn. hadde *a* i utljod. I den ljodlinne stavingi kunde ein slik framskoten *a* lett gaa yver til den fargelause halvljod *ø*, som maalet elles hadde i slike stodor. Skal me døma etter dei høvi i brevi som me finn yvergangen i (millom 1350 og 1400), hev dei vanlege ljodloger — som i austnorsk — ogso her arbeidt med, soleis at *å* hev vorte *æ* fyrst i ord med lang fyrste-staving og allerhelst naar rotvokalen var palatal, sidan i ord med stutt fyrste-staving, som soleis her tidleg maa ha fenge same sterke ljodtrykk paa fyrste staving som langstava ord. Døme er: *līggīæ* (I 379 Snm. 1363, I 380 Snm. 1363), *gangæ*, *lydæ* (II 377 Snm. 1363), *hyræ*, *sændæ* (III 463 Snm. 1385); *høyræ*, *sændæ*, men *taka* (III 465 Nfj. 1386), *talæ* (II 566 Snm. 1401).

ε. Yvergangen fraa *u* og *o* til *e* (*æ*) i endingar er der ikkje far etter i brevet.

Merkn. 46. Denne yvergangen synest fyrst ha fenge større framskot i det 15de hundr. t. d. *dotter* asg, *broder* gsg D. N. I 706 Snm. 1425, *lofuade* 3pi V 633 Snm. 1433. *dottir* dsg, *brodir* gsg XI 164 Nfj. 1439. Lengst heldt vel *u* (*o*) seg i pl. av linne kvendkynsord som i Romsd. enno hev *o*: *klokko*, *vēko* (gn. *klokkor*, *vikur*). Jfr. *klokku* i Bang's: Hexeformu-

larer etc. s. 609. Yvergangen $\dot{a} > \text{æ} > \text{a}$ hev venteleg skunda paa denne rørsla.

þæirru i Hund.₆ gsf for *þæirrar*, eller med burtkasta endings-*r* *þæirra* (som i lina 6) kann vera misskrift — straks etter stend *somu-*, men kunde vel ogso vera ei nyform etter jamlaging med komparativ, bøygde etter mynstret *spaka, spöku* (jfr. *þill mæiro visso* X 166 Romsd. 1438).

ζ. Vokal-innskot. Etter *y* er innskoten ein *i* i *skyinsamra*₁₅, kanskje fordi *y* i uttale hev havt ein svip av *i*.

Merkn. 47. I dei andre brevi er der nokre merke etter ein innsköten *i* etter *e* i rotstavingi, naar det kjem *i* i stavingi baketter, t. d. *leigia* (for *leggia*) *seigir* (for *segir*) IV 1043.

η. Vokal-burtfall. Vokalen *a* er utelaten millom *d* og *r* i *Ingeridr*₂₀ gsg, og *vitnisburdr*₂₆ gsg. Denne skrivemaaten hev visst ikkje havt nokon grunn i uttalen.

i. Konsonanttyvergang.

α. *gm > mn* i *Ommundr*_{2 ofl.} for *Ogmundr*; jfr. D. N. III 124, der Hauk Erlendsson skriv namnet paa same mannen *Ogmundr*.

Merkn. 48. D. N. IV 1042 hev *Ommundr*, XIII 111 skriv *Ommundr*. I maalföri no synest namnet ha falle saman med gn. *Ámundi*, eit anna namn, som er mykje bruka i Fjordarne og vert uttala *ámund*, i indre Nfj. ogso *ámunda* (Gloppen).

rl > ll i *ellinger*₁₇ (no: *elling(ø)*).

rs > s(s) i *fyst*₃ *fyster*₁₆ *þostæin*₅ (no: *fysst, tåstein*).

β. *nr > nn* i *kolbæin*₂₁ nom.

γ. For klanglaus konsonant stend klangför i *æirighs*₁ (yvergang berre for auga)¹.

δ. *v* hev halde seg i det personlege pronomen for dualis *vit*_{2.26}.

Merkn. 49. *v* i dei pers. pron. *vit* (dualis) og *ver* (plur.) hev vorte *m* i D. N. XIII 113 (*mer*) og V 185 (*mit*). *m* er yverförd fraa endingi *m* i verbet straks fyre; XVIII 14 (Nfj.) hev soleis *ver gerom*₃ men *varv mer*₃, *settum mer*₉.

I maalföri no heiter 1ste pers. pronomen: *mið, mid, me* Snm. (Nfj. tildeils), *vi* Nfj. Sfj. *me* Lavik, Brekke, Hyllestad, Gulen, Sulen. — Paa Snm. finst ogso *óss (óss veit dæ)* i nokre bygder (Haram, Sykkelven). Sjaa nedanfor under 17.

¹ Sameleis er det aa forstaa, naar Chr. Jensøn skriv *Mund-Gaads-Fugl* (eit namn paa ørnen), *Skodbog* ofl. for *Mungaats-fugl, Skotbog*; hjaa Jensøn er skrifti paaverka av dansk skrivemaate.

j. Konsonantburtfall.

a. Umfram det vanlege burtfall av *h* i framljod framfor *l*, *n* og *r* hev ogso *v* falle burt framfor *a* i *rognald*₁₂ (jfr. *sigualde*₂₁) *soro*₂₅ 3pi, *sornom*₂₁.

Merkn. 50. I tvo seinare brev finn me *hl*; soleis *hlvnendvm* D. N. I 546₁₁ Nfj. 1394, *hlutanom* I 724 Snm. 1429. Brevi hev elles vanlegt heimenorsk maal fraa den tid, so det maa vera nordmänner som hev skrivre deim; men bruket av *hl* syner korleis islandsk skrivemaate hev vore baade kjent og etterlikna i Norig, endaa so seint som i det 15de hundr. — Paa Sunnmøre og sumstad i indre Nordfjord (Breimn) fell *h* burt ogso framfor vokalar i maalføri no, og i sume yvergangsbygder er difor noko skjepl i *h*-bruket. Av dette er der ikkje merke i brevi fyre 1350. I I 360₃ Sfj. 1358 stend *eitir* for *heitir* 3sp av *heita*, men i dette ordet er burtfallen *h* ikkje sjeldsynt fraa mest alle stader. I VIII 232 Snm. 1403 er nemnd ein *Hamondi Hamvndason*, som i ei avskrift av brevet fraa 1578, utferda paa Snm., vert kalla *Amund Amundsønn*; dette synest visa ustøda i *h*-bruket, men er ikkje noko paalitande provmerke, med di norsken kjenner baade *Hámund* og *Ámund* som personnamn. *h* framfor *j* (kons. *i*) er burtfallen allstad i maalvaldet, t. d. *jarta* (gn. *hjarta*); alt Chr. Jensøn skriv: *Jasse*, *Jaa* for gn. **hiasi* (hare), *hía* (præp.), og synest ikkje kunna skilja millom *hj* og *j*.

v i *Rognvald* maa fyrst ha gjenge yver til konsonantisk *u*, og hev sidån falle burt, men den ljodbrigda vokalen *o* held seg likevel: *Rognvald* > *Rognuald* > *Rognald*. Mannsnamnet *Rognald* vert enno bruka i Sfj. i denne form (sjaa Ivar Aasens navnebog under *Ragnvald*). Same ferdi hev *v* i **Nesvin* fare som vanlegt i *vin*-namn; det hev vorte *Nesin* IV 104₂ (1313), i maalføret no *næsi* (Stryn, matr. no. 31).

I *suoro* VIII 92₇ XIII 11₁₁ ofl. hev *u* (*v*) kome innatt ved jamlaging.

β. Konsonant millom konsonantar er burtfallen i *gans*₂₄ for *gangs*.

γ. Konsonant-burtfall i utljod:

r hev falle burt i *þæira*₆ gsf for *þæirrar*, *manada mata boll*_{20·23} for *mánadar matar bøl*.

s hev falle burt i *virdulegh*₁ gsm framfor titelen *herra*.

Merkn. 51. D. N. XVIII 14₉ hev *fyrnemfde*, npm (for *fyrnemndir*). Etter *r* hev *d* falle burt i *vyrulegs* IV 104₁₃ Nfj. 1313.

I maalføri no er burtfallet av *r* etter upphavleg vokal i ljodlinn staving¹ heilt gjennomført: *matámun*, *hestá*, *byggðá*, *kastá*, *dømə*, *va*, *e*, (gn. **matar-munr*, *hestar*, *byggðir*, *kastar*, *dømir*, *var*, *er*). Dette burtfallet, som mykje er grunnen til at vestlandsken er so vokalisk, er soleis ei gamall øvring i denne landsluten; i pron. pl. *þeir* m. og *þær* f. hev *r* halde seg i sume høve

¹ naar ikkje *r* vert halde uppe ved bøygningstvang, t. d. *fader* (*fedra*).

i Sfj. endaa inn i 17de hundr., daa dei etter Chr. Jensøn hev sagt *deer* (o: deir) um han av slaget, og *dær* um ho av slaget (um krøter), no *dei*. Gjennomført er ogsaa burtfallet av *d* etter *r*: *ōr*, *skūr*, *fēr* (gn. *ord*, *skurdr*, *ferð*). Umfram dette hev i desse maalføre ogso *m*, *n* og *t* falle burt etter vokal i Ijodlinn staving, t. d. *bātā*, *so*; *bygd'ā*, *hūs'ā* Snm. Nfj. (i Innviki og Breimn) og Ytre Sogn, eller *hūs'ā* Nfj. (Gloppen, Hyen, Davik) Sfj. *vīsā* Snm. og *vīsā* Nfj. Sfj. Ytre Sogn; *hūs'ā*, *funnə*, *līta* (gn. *bátom*, *som* (*sem*); *byggīn*, *hūsīn*, *vīsān*; *hūsīt*, *funnīt*, *lītīt*). Desse konsonantarne hev visst falle burt etter 1350, men brevi fraa Fjordarne og Sunnmøre gjev her ingi opplysning. Fraa Romsdalen, som høyrer til same maalvaldet, hev D. N. I 361₁₁ 1358 *lege* for gn. *legīt* (part. av *līggīa*) og XI, 276₁ umkr. 1500 *breffwe* for gn. *bréfit*, og etter dette skulde daa *t* ha byrja falla burt i millomnorsk tid. At *m* hev falle burt fyre den nynorske tid syner skrive-maaten i N. R. J. II 140 (1520) *Axo* grdsn. i Hyllestad (matr. no. 68, no skrive *Axe*) gnorsk: i *Axaam* B. K. 28 b, i maalføret no uttala *Aksā* dpl. (ogso nom. *Aksannə* er i bruk).

I stadnamn paa *-vin* hev *-n* halde seg i *ōn*, venteleg av *ō-vin*- grdsn. (matr. no. 29 i Hyllestad, skrive *ōns* gen. B. K. 28 b), der fyrste samansetningsleden hev enda paa vokal (*ō* = *á*, elv). I eit par namn hev *-vin* vorte (*ven* > *vā* >) *va*: *læk'vā* (Hyllestad, matr. no. 49, skrive *Leikving* V. L. 16, *Lequarre* (!) 1603, *Leqva* 1667); *fāl'vā* (Stryn, matr. no. 17, skrive *i folum* (o: *foluīn*) B. K. 11 a. *Foluenn* 1563. *Folue* 1603). I dei fleste namn hev likevel *-vin* (*-uīn*) alt i gnorsk tid vorte *-yn*, *-īn*, som sidan hev vorte *-a*, t. d. i: *grǿ'tā* (Gulen, matr. no. 18, skrive *i grytīn* B. K. 56 b); *bjær'gā* (Hyllestad, sjaa merkn. 38); *lō'hā* (Eid, matr. no. 19; skrive *Leghen* Sk. 22, *Løgenn* N. R. J. II 126); *skrypp'ā* (Breim, matr. no. 7; skrive *i skryppīne* B. K. 16 a); men i indre Nordfjord hev *-n* i dei fleste høvi, anten fyrstestavingi hev vore stutt eller lang, falle burt utan paaverknad paa vokalen i fyre: *lauk'i* (Innviki, matr. no. 32; skrive *i laukuīn* B. K. 29 b, *i Laukin* B. K. 34 a; *mā'ri* (Innviki, matr. no. 6, skrive *af maurīnī* A. B. 108, *Murj* 1603); *næ'si* (Stryn, matr. no. 31, skrive *a nesīn* B. K. 10 b, 11 a; *Nesse* N. R. J. II 132 (1520), *Nesse* 1563, *Nessi* 1603); *rō'ti* (Eid, matr. no. 8, skrive *i rotyn* B. K. 18 a, *Rothi* 1603); *skād'i* (Innviki matr. no. 47, skrive *i skodin* ib. 13 a; jfr. *skodyn* 14 a) ofl.; *stauri* (Stryn, matr. no. 42; skrive *i stauryn* B. K. 9 b). Det er merkelegt at me finn denne yvergangen nettupp i dei same bygder, som baade i gamall og ny tid merkjer seg ut ved itakisme. Det er likt til at den *y* (t. d. i grdsn. *rōtyn*) som vart til *i* i desse bygder, hev halde vel uppe sin *i*-klang (*rōtin*) og difor kom til aa gaa ein annan veg enn t. d. den siste vokal i *rōten* (b. f. av *rōt*, f.); *rōtin* vart *rōt'i*, medan *rōten* vart *rōt'a*¹.

Grdsn. *lōk'ā* (Eid, matr. no. 19) synest vera eit undantak; i formi *ītrōnnə* (Hornindalen, matr. no. 11) hev me vel ei samandregi form for *ytrōnnə* < *ytrhorne*, skrive *Ytterhorn* 1603, *i ytrum hornynium* B. K. 18 b.

¹ Smlk. Amund B. Larsen: *Lydlæren i den solørske Dialekt*. Vidensk. Selsk. Skrifter, Kristiania 1894; sid. 63.

Gnorsk *bundin*, n. (kornband) heiter no paa Snm. og i Nfj. *bundan*, som viser at *-n* ikkje alltid hev vorte burtkasta, um vokalen i fyrevegen vart nasalera. Dette kann kanskje forklaara, at gn. *húsin* sumstad i nordvestlandsk hev vorte *hūs'a* (< *hūs'ā*), og andre stader *hūs'ā* (< *hūs'an*).

k. Konsonantinnskot.

g er innskoten framfor *d* i *fægdgar*₁₃ (*fædggar*₉). Dette tyder paa tiljamning i uttalen av *fædgar* til *fæggar* som no er uttalen i Set. og Tel. der ordet enno vert bruka.

n synest innskoten i *annarns*₂₂ gsm, som truleg hev sin grunn i ein uttale *annans*, ei nyform laga etter gnorsk akk. *annans*; jfr. nyn. *ansimyllå* (o: *annars imillum*) Nfj.

r vert oftast skriven i *vidr*₄ ofl. (ogso *vid*₁₂). Skrivemaaten *soknt*₂ for *sokn* syner vel berre at *n* hev vore klanglaus etter klanglaus konsonant; jfr. skrivemaatarne *sokhn* V 185₃ *vitkni* III 148₆ *withni* XIII 11₁₉ *vithnisburd* ibid. 21.

Merkn. 52. *með* eller *med* vert skrive i alle brevi, undt. *meðer* VIII 92₁₃ *mæðr* XVIII 14₆ (*með* 14₁₀).

l. Konsonantlengd.

α. Framfor *d* held baade *l* og *n* seg stutt i brevet: *rognald*₁₂ *ældri*₂₂ *saulmund*₁₈ *andodustz*₁₈ *hundæidi*₁₉. Men elles stend det stundom lang konsonant for stutt etter lang vokal, t. d. *ioll*₅ ofl. (*iól*), *mata boll*₂₀ (*-bool*₂₃) *tunn*₁₆ (*tún*).

Merkn. 53. *l* framfor *d* er lengd i V 124 (Snm. *helldo*₇) XVIII 14 (Nf. *Allda*₂) I 229 (Sfj. *allda*₇), men elles ikkje i noko brev. *n* er ikkje i noko brev lengd framfor *d*. *ll* framfor *d* kunde vera trøndsk paaverknad i skrift (sjaa G. Tr. § 43, merkn. 2), men er vel heller ein vitnesburd um at Nordvestlandet til deils liksom Trøndelag hev havt palatal *l* framfor *d*. Derimot synest den stødige skrivemaaten *nd* visa, at Nordvestlandet ikkje hev havt palatal uttale av *n* framfor *d*. (Annarleis i trøndsk, sjaa G. Tr. § 44, merkn. 3). Um lengjingi sjaa Noreen³ § 269,3.

I maalføri no vert korkje *l* eller *n* uttala palatalt framfor *d* fyrr me kjem nord til Romsdalen. Der hev *l* palatal uttale framfor *d* og *t*; men fyrst paa Nordmøre vert ogso *n* uttala palatalt framfor *d*. Grensa for denne uttalen synest soleis ha flutt seg nordetter etter den gamalnorske tid, men merkeleg er det at palatal *ld* baade i gamall og ny tid skal hava eit større vald sudetter enn palatal *nd*. (Sjaa Harp. s. 12).

ll og *nn* vert uttala palatalt (mouillera) yver heile maalvaldet, t. d. *køllø*, *fänn* (gn. *kolla*, *fönn*); Chr. Jenson skriv *Koille*, *Foin*.

Fleire dømme paa lengjing av stutt konsonant i dei andre brevi: *lett* (o: *lét*) 3si VIII 92₄ *vittni* ibid. 4 *koyptti* IV 104₅ *till* præp. XVIII 14₈.

β. For lang konsonant stend stutt, serleg etter lang *a(á)*: *haat*₃ asg; *aat*₆ (*átt*) 2sp av *eiga*; *æt*₁₅; *aate*₁₆ (*átte*) 3si av *eiga*, *aato*₂₀ (*átto*) 3pi av *eiga*.

Merkn. 54. Døme fraa hine brevi: *haat* asg. I 229₅ þrat V 185₁₃ *gek* ibid.₁₃ *satmale* dsg V 124₁₆.

m. Ymse konsonanthøve.

k vert skriven *k* baade framfor guttural og palatal vokal, t. d. *kono*₂₀ *fylkis*₂₂; lang *k* finst berre ein stad og vert der skriven *kc*: *okcor*₂₆.

Upphavleg *v* vert oftast skriven *v* (*voro*₂₂), men ogso *u* (*hiauera-**dom*₂₅). Upphavleg labial spirant vert skriven *f*, t. d. *æilifi*₂₅ *tolf*₈.

z i *sansz*₂₆.

Merkn. 55. I dei andre brevi vert lang *k* skriven *kk*, t. d. *ekki* VIII 92₅; *u* og *v* vert bruka mykje godt um kvarandre, t. d. *Uigleikr* V 124₈ *vndir* V 185₈. Labial spirant vert skriven *fu* i *Olafuer* V 185₂, *Eilifur*, *Olafur* XIII 11.

z = *s*: *sanz* IV 104₁₁; = *ds*: *Haralz* VIII 92₁₀.

17. Ordformer.

Substantiv. *hertoghs*₁ gsg syner yvergang til sterk bøyging.

Numeral. *tueimer* V 185₁₂.

Pronomen. Merkande er dei personlege pronominal-formerne *vit*_{2,26} og *þit*₁₃ for dualis. — *enskins*₂₂ gsm av *engi* (jfr. *annarns*).

Merkn. 56. Dualis og pluralis er vel skilde i dei personlege pronomen i gnorsk tid. Fyrsta i eit brev fraa 1394 (I 546 Nfj.) vert *vid* bruka um fleire enn tvo, og i eit brev fraa 1450 (XIII 120 Nfj.) vert *mith* og *vy* bruka um kvartanna for pluralis. Samanblandingi høyrer soleis til den millomnorske tid.

I maalføri no synest nominativ i 1ste pers. plur. *mið*, *me*, *me* og *vi* (sjaa ovanfor, merkn. 49) ha vakse fram av dei gnorske dualisformer *mit* og *vit*. For dette talar ogso ordi i den gamle folkebøn fraa Sunnmøre, fredagsbøni¹: *Gud naate okke, mir hæve inkje fasta, so mir maa*, der *okke* er gn. *okker*, og *r* i *mir* truleg berre ein hjelpelaus skrivemaate av *ð* (*mið*). Med dette høver ogso formerne for 2dre pers. i plur. nom.: *dið* Snm. Nfj., *di*, *de* aalm. og i dat. & akk.: *dökkæ* Snm. Nfj. Sfj., *Docke* Chr. Jensøn, av gn. *þit*, (*þy*)*kkæ*; *dökkæ* hev daa fenge *ó* for *y* etter jamlaging med *ökkæ*, som maa ha vore i bruk lenge, men som hev vorte trengt undan af *óss*. Denne siste formi (*óss*) hev i sume bygder paa Sunnmøre endaa trengt seg inn i nominativ (sjaa merkn. 49).

¹ Dr. A. Chr. Bang: Norske Hexeformularer og magiske Opskrifter, trykt i Vidensk. skr. II. Hist. filos. kl. no. 1. Kristiania 1901—1902. S. 609.

Verb. I præsens hev formi for 3die pers. sing. fenge yvertaket yver 1ste pers. Soleis i 1ste pers. *sægir*₆ (3 g) *gerer*₆ (2 g) liksom *kømer*₇ (3 g) 3 sp. Naar det i lina 13 stend *gere* i 1ste pers., er det vel so rimelegt at dette stend i staden for *gerer* (med burtfallen *r* etter vokal i ljdolinn staving, sjaa ovanfor 16 j γ) som at det er den gamle formi for 1ste pers.

2dre pers. plur. endar paa *-r* for eldre *t*: *eigur*₁₀ (2 g). Refleksivformi endar paa *-stz*: *mestz*₈ 3 sp (2 g) *andodustz*₁₈.

Merkn. 57. Refleksivformer fraa diplom: *vyrdizt* IV 1047 *skiladezst* V 1858.

§ 9. Etter dette kann me setja upp desse hovudmerki for nordvestlandsk i fyrste helvti av det 14de hundr.:

1. *u*-ljodbrigdet av *a* er heilt gjenomført, t. d. *sogdu*, *odru*. Til trøndsk *-adu* 3 pi svarar *-odu* (og *-ado*).

2. *u*-ljodbrigdet av *á* er sjeldsynt: *voro*; oftast former som *báro*, *máto*.

3. Ljodbrigdet av *a* ved *i* vert oftast skrive *e*, allerhelst naar *n* (eller *m*) stend nett fyre eller etter: *menn*, *eptir*. — *e*-ljod av upphavleg *ei* vert helst skriven *e* framfor *m* og *n*, i andre høve helst *æ*: *enskins*, *þema*, *Endride*, *hælgj*. — Upphavleg *e* vert oftast skriven *e*: *ek*, *sem*. — Lang *e* (*ē*) vert skriven *e* (eller *ee*): *bref*, *let* 3 si.

4. Etterljodbrigde ved *i* er sjeldsynt (*iærdar*). Ljodbrigdet av *á* ved *i* vert skrive *æ*; men er der *n* straks fyre eller etter, vert skrive *e*: *bæde*, *ætt*; *nest*.

5. *þan*, *þat*, *þar* hev i Nordfjord (og etter maalføret no aa døma ogso paa Sunnmøre) havt sideformerne *þen*, *þet* og (sjeldan) *þær*.

6. Ljodbrigdet av *o* — stutt og langt — vert skrive *ø*: *kømer*, *norønom*; sjeldan *e*: *ferde*.

7. Privativ partikel er *ó-* og *ú-*, truleg sume stader *ó-* og andre stader *ú-*, noko likt med tilstandet no.

8. Halvljoden er *e*: *kømer* 3 sp, *Ellinger*.

9. Tviljodarne vert skrivne: *au*, *ei* (stundom *æi*) *øy* (sjeldan *ey*, *æy*). Stigande: *ia* (sjeldan *ea*) *io* (sjeldan *jo*) *iu* osfr. *ua*, *ue* osfr.

10. Ljodsamhøve millom endingsvokalarne *e* og *i*, *o* og *u* og rotvokalen liksom i trøndsk. Adjektivendingi *-legr*.

11. Adjektivartikelen finst i diplom berre tvo gonger, i gong *hin*, og i gong *ens*.

12. Klanglaus dental spirant vert skriven *þ*, den klangføre *d* eller *ð*.

13. *mn* synest vanlegast i ord som *stemnu*, men *fn* finst ogso. Rimeleg noko likt med tilstandet *no*.

14. Spirantisk *g* vert skriven *gh* i dei fleste brevi, men denne skrivemaaten er ikkje gjennomført i alle ord.

15. *pt* vert oftast skrivi i ord som *eptir*; nokre brev hev *ft*. Der er grunn til aa tru at *f* i *ft* hev vore uttala bilabialt.

16. Av serskilde former er merkande:

son (sjeldan *sun*), *kruna*, *ærtogh*; *siouar* (og *sæuar*); *lun(n)endi*, *sannendi*; *kunnigt*; *sylfer*, *hyrdmaadr*; *ganga*, *taka*, *verande* dsm; *skildi* 3 si; *vit* (og *mit*) *þit* pron. dual. *ver* (og *mer*) pron. plur.; *Rognald*, *þeirra* gsf, *manada mata boll*; *vyrulegs*; *Allda* (lld sjeldan), *land* (alltid nd).

herthogs gsg, *annarns* gsg, *sægir* 1 sp; *eigur* 2 pp; *andodustz* 3 pp.

Merkn. 1. Disse maali skil seg soleis ut fraa det gamle trøndermaal mest ved det gjennomførde *u*-ljodbrigde av *a* framfor halden *u*, ved *e* for *i*-ljodbrigde av *a*, diftongarne *ei* og *øy* for trøndsk *æi* og *æy*, og ved endingi *-endi* (trøndsk *-yndi*). I indre Nordfjord og Sunnfjord kjem dertil den privative part. *ú-*, og i Sunnfjord mykje *pt* og *fn* for *ft* og *mn*. I fleire maatar er maalføret eit yvergangsmaal millom trøndsk og vestlandsk.

Merkn. 2. Nokre brev som er skrivne paa Sunnmøre og i Fjordarne, og ikkje er medtekne i denne etterrøknaden, treng ei serleg umrøda.

D. N. V 171 (Giske 1344) hev ikkje gjennomført *u*-ljodbrigde av *a* framfor halden *u*, og skriv *-nd(r)*: *Gudbrandr*₂, vanleg i trøndsk. —

II 279 (Giske 1347) er uregelrett med umsyn paa *e* og *i*, *o* og *u* i endingar, og skriv *villde*₅, *deghe*₇, *brefui*₆, *halldit*₉, *vlokit*₅, *vlokin*₈ (fyre kons. alltid *i*, so nær som i *gerer*₂) *stemfno*₃, *dottur*₉, mest *i* og *u*, som tyder paa eit maalføre lenger sud eller sterk paaverknad derifraa.

II 306 (Giske 1350) hev ogso uregelrett ljodsamhøve med berre *e* i endingar for *i*: *Eireks*₂, *rikes*₄, *keyfte*₁₁ (undant. *eptir*? og *firir*?), ofte ogso *o* for *u*: *heyrdom*₃, *gridom*₉, former som *giorom*₂ (for *gerom*) *nefndom*₉, og den bundne artikelen *en*; alt tyder paa eit maalføre med endingar *e* og *o* (Ryfylkemaal, sjaa G. Tr. § 132, merkn. 10). Endingi *e* er for vel gjennomført til aa vera vanleg millomnorsk fraa denne tidi.

IV 173 (Selja? 1327? abbed Erling). Ogso i dette brevet er der ugreda med endingarne *e* og *i*, som vert bruka mot reglarne for ljodsamhøvet: *klaustre*₄, *syne*₅ (2gg) *lidinne*₇, *abboti*₂, *brodir*₄, *bædi*₇ (i endingar fyre konsonant alltid *i*); *o* og *u* skifter regelrett, men der er heller ikkje meir enn eit døme paa *o*: *konongs*₁₀, alle dei andre hev *u*. Truleg same maalføre som II 279 (sjaa straks ovanfor).

§ 10. Fraa Romsdalen hev me 4 brev fraa tidi fyre 1350. Det eldste er fraa 1327 (D. N. III 147); det er paa same maalføre som D. N. II 306

(§ 9, merkn. 2) og høyrer soleis i maalvegen ikkje hit. Heller ikkje II 280 (1347) høyrer hit; det hev same maal som II 279. fraa Giske (sjaa merkn. 2 til fyrre §). I dei tvo andre, IX 105 Bagøy 1336, I 285 Veøy 1343, er det trøndske ljodsamhovet gjennomført, like eins *u*-ljod-brigdet av *a* framfor halden *u*, naar *a* stend etter *m* (so nær som 1 gong *mannum* i IX 105) og ofte elles. Hev me rett til aa døma etter desse brevi, som ogso i andre maatar syner stor maalskyldskap med brevi fraa Fjordarne, er der etter det og etter maaltilstandet no grunn til aa rekna Romsdalsmaalet med til nordvestlandsk ogso i gnorsk tid.

Merkn. 1. Av serskilde former i Romsdalsbrevi er merkande: *Bernargarde* dsg I 285₆ (= *Biarna garde* dsg i II 280₆ med noko anna maalføre), *Norikx* gsg IX 105 (1336); dersom *ao* i *vaor* (I 285₁₄) er aa lesa som tviljod — som ikkje er urimelegt i so sein skrift — kann det visa at den diftongiske uttalen av *á* — enno aalmenn fraa Nordmøre og nordetter til og med Namdalen — i gamalnorsk tid ogso hev vore bruka i Romsdalen.

þ vert skriven siste gong i 1438 (D. N. X, 166₁₂: *þer þill* (!)); men alt i 1428 (VIII 282) tok sume til aa skriva *th*, som sidan vart aalment til umkr. 1500 (XI 276), daa me finn *th* og *d* blanda i pron. ord.

Maalføret i Romsdalen no er mykje likt sunnmørsk; største skilnaden er at dei allstad i Romsdalen hev *l* som i austnorsk, men berre for gamall *l*, ikkje for *rð*, t. d. *dāl*, *blā*. Denne ljoden er framand endaa for dei nørdeste bygder (t. d. Skodje og Stordal) paa Sunnmøre. Der er i Romsdalen ikkje so lite itakisme.

§ 11. Som maaltilstandet er no, hev me ogso som fyrr nemnt i § 4, i Ytre Sogn nokre bygder, som me i maalvegen maa rekna med til den nordvestlandske maalgrein. Av desse bygderne hev nordluten av prestegjeldet Hyllestad fyrr høyrte til Sunnfjord og Sulen og Gulen høyrte til Hordaland (fyre 1773).

Skilnaden millom maalføri her, sognfjøremaalet, og i Fjordarne er hardla liten. I Hyllestad, Gulen og Lavik vert gamall *á* uttala som *ao* (liksom i Indre Sogn), t. d. *bàotannø* Hyll. Gulen, Lavik¹; *bàotadn* i Indre Sogn; like eins vert *ei* i Gulen og Lavik uttala *ai* som i Sogn; men bøygningsendingarne er som i Sunnfjord (merk: dativformer og typar som: *namn*, *tøftø*, *ūgras*; *ai ónnór bók*, *ónnórlais*, *óll sómmó* (o: alle saman) *ai gómól elþja* Gulen. — I Sulen vert gn. *á* uttala *å*, gn. *o* framfor einskild konsonant hev vorte *åa*, med ettertrykk paa *å*: *skå*'at (gn. *skot*); *au* hev vorte *å* framfor *m* og *n*: *dråm*, *rån* (gn. *draumn*¹, **raunn* = *reynir*); dativ er ikkje i bruk; mrlk. *namn*, *tøftø*, *ūgras*, *herbyrjæ*).

¹ Maaren paa nordsida og Sande paa sudsida av Sognefjorden er dei fyrste stader med sognemaal, naar ein fer innerter fjorden.

Maalføret i Jostedalen i Indre Sogn høyrer nærmast til nordfjordsk. Her vert gn. *á* uttala *á*; av ljodtypar er merkande *namn*, *tólfta*, *ūgras*, adj. paa *-ug'ə* (*vētug'ə*), *herbjrjə*, *den*, *dæ*, *dar*; dativ er ikkje i bruk¹. Innverknad fraa Sogn eller samvokster i maalvegen viser den sterke bundne kvendkynsform paa i: *tī'i*, *skāl'i*, ogso: *ei liti stovə*; jfr. elles gardsnamni *Roti*, *Stauri* i indre Nordfjord.

§ 12. Det nordvestlandske maalvald med maalføri fraa og med Romsdalen sudetter til og med dei bygderne i Ytre Sogn som ligg utanfor Kyrkjebø, er avgrensa i vest ved havet, i nord og aust og sud ved høge fjellgardar og Jostedalsbredden. Berre ved Kyrkjebø i Sogn er det annarleis, men her hev vel heller ikkje grensa alltid vore den same.

B. Skrifter paa nordvestlandsk maal.

I. Munkelivs jordbokblad (Munk).

Grunnlag: Upphavsskrifti i g. k. s. 1347 qv. Kphmn. Faksimile i Pal. 11. Prenta (mykje aafaatt) i D. N. XVI, 1.

§ 13. Dette gamle skriftstykket, som utan tvil er den eldste minneskrift me hev paa vestlandsk maal, knapt yngre enn fraa omkring 1175, er serskilt umtala i Innleidingi sid. 9.

§ 14. I denne skrifti er merkande:

1. *u*-ljodbrigdet av *a* er gjennomført utan undantak: *Vpsolū*₅ *On-gulsvic*₇ *Svaruastopum*₁₀ *Biarhastoplū*₁₅ *Hiolmusætre*₁₆ *Hiolmulande*_{16·24} *Stoplū*₁₇ *Gotastopū*₂₅ (fyrst skrive: *Gotastupū*, men retta med same hand); *holf*₂.

2. Ljodbrigde av *á* ved *u* er der ikkje dømme paa.

3². *i*-ljodbrigdet av *a* vert skrive *e*: *Skettingr*₇ (eit slag mynt)₇ *Nese*₂₂ *stroumahverui*₂₁; sameleis *e* i *ertogar*₃; men *æ* framfor *r* + guttural: *mærcr*_{22·23} og *mærc*. (for *mærcr*)_{25·26}. — Upphavleg *e* vert ogsaa skriven *e*: *þetta*₆ ofl., *er*₆ ofl. 3sp, av *vera*; men framfor *r* + guttural stend *æ*: *Bærhe*₁₄.

¹ Jostedalen, som er skild fraa Nordfjord ved Jostedalsbredden, er etter folkeseigni upatter-rudd og bygd av nordfjordingar, etter manndauden i midten av 14de hundr. hadde lagt bygdi i øyde. Sjaa Amund Helland's Nordre Bergenhus amt II sid. 20 („Norges land og folk“).

² I denne rubrik er her og i det fylgjande medteke ljodbrigdet ved *-iR* og *-R*.

Etter dette synest opphavleg *e* og *ø* (*i*-ljodbrigdet av *a*) ha falle saman; ljodsamhøvet syner likevel at dei hev vore greidt skilde i uttalen, med di der alltid etter upph. *e* kjem *e* i neste staving, men elles etter regelen *i*. — Inkje etterljodbrigde ved *i*: *Biarhastoplū*₁₅.

4. *i*-ljodbrigdet av *á* vert skrive *æ*: *Svinasætre*₈ dat. *Hiolmusætre*₁₆ dat.; men *vet*₂ (3gg) for *vætt* (vegt).

5. Paa former av *þan*, *þar* osfr. er der ikkje dømme.

6. Ljodbrigde av *o* finn me berre i tviljoden *øy*, sjaa 9 her nedanfor.

7. Ingi dømme paa privativ partikel.

8. Halvljod vert ikkje skriven: *matr*₁ *halfr*₁₅ *mærcr*₂₃.

9. Tviljodarne er:

au: *aurar*₁ npl, *Straumi*₃ dat. *Haucase*₂₀; i gong stend *ou*: *stroumahverui*₂₁ (framfor *m*; jfr. § 11).

ei: *Steinavage*₁ *Heiz*₂ f. dsg, *-heimi*₃ *Dumbasteini*₈ dat., *Eipi*₁₀.

øy: *Gloþaføyki*₇.

Av stigande tviljodar finn me: *ia*, *io* (= *io* og *ió*), *uu*: *Biarhastoplū*₁₅ *miols*₂ *Biorvic*₁₂ *Diupvic*₉; konsonantisk *u* etter *h* og *s* vert skriven *v*: *stroumahverui*₂₁ *Svinasætre*₈ (sjaa merkn. 2 her nedanfor).

10. Ljodsamhøve i endingar er gjennomført som i trøndsk: *e* etter *a*, *á*, *e* (upphavleg), *o*, *æ* (upphavleg *e* og *æ'*), i fyrre staving, t. d. *Birkilande*₁₂ *manafarmater*₄ npl, *Steinavage*₁ *Tistáme*₉ *Bærhe*₁₄ *fiorþe*₁₅ *Ose*₄ *Tohnenge*₁₄ *Svinasætre*₈; *i* etter *e* (*i*-ljodbrigda *a*), *i*, *y*, *au*, *ei*, *øy*: *Skettingr*₇ *-firþi*₁₁ *fyrir*₆ ofl. *Lyhrisfirþi*₂₇ *Straumi*₃ *Gloþaføyki*₇. Etter *a*, *u* er der ingi dømme. *o* stend etter *o*: *Hornom*₂₆, *u* etter *ø*: *Stoplū*₁₇. Einaste undantak: *Nese*₂₂.

11. Ingi dømme paa artikelen.

12. Den dentale spirant vert alltid skriven *þ*: t. d. *þiouanese*₄ *norþan*₆ *staþ*₆ *Eipi*₁₀.

13 og 15. Ingi dømme paa *fn* og *ft*.

14. Den gutturale spirant vert skriven *h*: *Bærhe*₁₄ *Tohnenge*₁₄ *Biarhastoplū*₁₅ *sohn*₁₈ *Lyhrisfirþi*₂₇; men intervokalisk *g*: *Steinavage*₁ *ertogar*₃.

16. Serskilde former: *sæ'*₁₈ asg, *Sævar ase*₁₉ *fyrir*_{6.18}. *Miclabolstaþ*₁₃ *silfs* (o: *silfrs*₁, *r* burtfallen millom 2 konsonantar) *-firþi*₁₁ *Birkilande*₁₂.

Merkn. 1. Aksent finn me yver *a*, *i* og *æ*: *Tistáme*₉ (dsg etter *af*; no utt. *tistam*, gen. *tistams*, grdsn. i Innviki i Nordfjord, matr. no. 83; skrivemaatarne *Tistamrum* D. N. VIII 92₅—1331 — *Tiisthamar* D. N. og *Tisthammer* i matrikulen no er vel folketyologi); *Ongulsvic*₇ *sohn sæ'*₁₈.

Merkn. 2. Den bilabiale spirant vert i utljod skriven *f*, t. d. *af*, *holf*₄ *Colgrof*₁₇, i innljod *u*: *piouanese*₄ *Svaruastopū*₁₀ *stroumahverui*₂₁, medan upphavleg *v* vert skriven *v*: *Sævarase*₁₉ *Svaruastopū*₁₀ *stroumahverui*₂₁ *Svinasætre*₈.

Merkn. 3. *k*-ljoden vert skriven *k* framfor palatal vokal, elles alltid *c*, t. d. *Skettingr*₇ *Rikisheimi*₃ *Glopaføyki*₇ *Birkilande*₁₂, men *Diupvic*₉ *Haucase*₂₀ *Icornalande*₂₃ (no *íkelann*, matr. no. 80 i Alversund herad, skrive *Ikeland søndre*; av andre eldre skrivemaatar er merkande *Eckornnlandt* Sk. 25, *Ickornland* 1610, *Egeland* 1611)¹, *Scarpe*₂₅ *Colgrof*₁₇ *Coloase*₁₉ *Miclabolstap*₁₃. — Naar det stend *marce*₂₀, maa dette difor vera for *marcæ* npl av *marca* (latin).

Merkn. 4. *z* (= *ts*) i *Heiz*₂ f. (no *Hæis'a*, grdsn. paa Sunnmøre) *Brunzlande*₂₀ (no skrive *Brunslan*, Lindaas prg.) *malz*₂₂ gen. av *malt*.

§ 15. Etter desse merke, serleg 1 og 10, hev me i Munk. gamalt nordvestlandsk maal; men me kann ikkje sjaa kvarhelst det eig heima innanfor denne maalgreini, med di der ikkje er døme paa det slag former som her er skilmerke.

Merkn. Munk er fulla berre eit stykke av ei jordbok. Det er rimelegt at me hev heile jordboki att enno i ei avskrift i Add. 99 qv. i Univ. bibl. i Kbhvn. (paa pergament) pag. 1 til pag. 11₄ skrivri i det 15de hundr. Ho er prenta i Munkelivs brevbok sid. 193 oflg. og D. N. XII 257, der ho byrjar med lina 3 og sluttar paa sida 225₁₀. Med umsyn paa innehaldet er *manafarmatr* i avskrifti allstad umbytt med *mamatabol*, og alle andre verdenemningar som *mærcer*, *ertogar*, *vet miols* strokne — eit par stader i fyrstningi hev ei hand fraa 16de hundr. tilsett nokre av desse (etter Munk). Den gamle skrivemaaten er i avskrifti jamnast umbytt med nyare, men skygger ofte igjenom, t. d. *Colgroff*, *Haucase*, *Scarde*, *Carlastodum*, men *Glodaføyke*, *Birkelande*, *Eikimo*, *Berhem* (o: *Bærhe*, Munk) *Biorhvin* — eldste vestnorske skrifform for byen Bergen — *Ounum* (*ou* framfor *m*) ofl.

II. 4 fragment av den eldre Gulatingslog (Gfr. I).

Grunnlag: upphavsskrifti i Ra 1 B. Faks. av dei 3 fragm. i Ngl. plata XIII—XV. I utgreidingi her er sett prikkar yver *i*'arne, og *ū*-, *ō* er uppløyst til *-um -om*; *a* = sid. 1 paa 1ste fragm., *b* = sid. 2 paa 1ste fragm., *c* = sid. 1 paa 2dre fragm. osfr. 4de fragm. prenta Ngl. II 500⁵⁻⁸.

§ 16. I denne handskrifti, som maa vera fraa tidi fyre 1200 (sjaa Innl. s. 9), er merkande:

1. *u*-ljodbrigde av *a* er gjennomført, ogso framfor halden *u*, t. d. *oll* *e*₂₆ *sonn* *a*₇ adj. nsf. *fioru* *f*₇ *golldrūm* *a*₂ *i* *gognūm* *e*₁₈ *iordūm* *b*₁₃

¹ I avtrykket i D. N. *Leornalande*, som ikkje er rett. Ogso i avskrifti fraa 1480—90 (sjaa nedanfor i merknaden til § 15) stend etter avtrykket i D. N. XII 257 *Leornalande*.

logum b₁ *ulogum* f₉ *lostum* d₅ *siolfum* c_{7.13} *ollum* d₁₀ *odrurum* b₁₃ (3 g).
I *garðsmogol* e₁ adj. nsf til avleidingsendingi -all eller -oll.

Merkn. 1. Merkelegt er: *þa skal sa veita varð því barne* d₉; her stend *varð* for *vörð*, paaverka av verbet *varðveita* = *veita vörð*.

Merkn. 2. *scolo* (alltid) t. d. *scolom* a₁₂ *scolo* e₁.

2. *u*-ljodbrigdet av *á* hev sett merke etter seg i *ambott* d₁₄, *nottom* b₂ dpl av *nátt*; men elles vert skrive: *varo* d₁₀ *vattom* e₉, ogso *nattom* (for *náttom*) f₂₆.

Merkn. 3. *gæra* c₆ ofl. (*gera* f₈); *honom* pron. (alltid); *hon* a₄; *a millum* b₁₂ (*milli* e₅); um avstyttingi for ordet *byskup* sjaa nedanfor under 16.

3 a. *i*-ljodbrigdet av *a* vert skrive *e* og *ę*, um kvartanna ofte i same ordet, t. d. *ęftir* b₂₃ (*eftir* f₄) *fęllr* e₁₆ (*fęllr* a₁) *ęęęgr* e₁₀ (*ęęęgr* e₃ ofl.) *hęfir* e₁₇ (*hefir* f₁₃) *ęęęia* c₁ (*ęęęia* f₁) *męrki* e₂₂ (*męrki* e₅) *vęękia* b₁₇ (*veękia* b₁₅) *ęřfingi* a₅ *řęęmia* b₁₇ *ķętil* a₉ *čęęfia* e₇ *ęętia* a₁₀ *ęęęr* f₂₄ *hęęde* a₂₃ *ķęęnt* a₂ *męęn* f₂₁.

Merkn. 4. Fragmentet hev *hvērr* e₁₁ (*hvērr* a₁) *hvērvitna* f₅; *einhver* nsm d₅; *utlagr* b₈.

b. *e* av upphavleg *ei* vert skriven *ę* eller *e*: *ęęęi* a₂₀ *hęęgir* b₂₄.

c. Upphavleg *e* vert oftast skriven *e*: *drepa* e₁₅ *er* pron. *ętr* e₁₀ 3 sp., *meta* e₄ *renna* e₂₆ *rennr* f₁ 3 sp, *ęetta* b₁₀; men ofte ogso *ę*: *bera* f₂₂ verb. (*berae*₈) *męęe* c₁₅, serleg etter *v*: *vęęa* b₅ *vęęet* e₂₂ part., *vęęęr* c₈ 3 sp (*vęęęr* a₇) *vęęę* a₁₉ (*ilverca* b₁₄).

Lang *e* (ę) vert skriven *e*: *her* f₂₂ *rett* e₁₃ *vel* f₆ s. f.; *fe* a₅ (men ogso *fęlag* c₁) *se* a₆ 3 spk av *vera*.

4. *i*-ljodbrigdet av *á* syner seg oftast som *ę*: *forreęde* b₂₁ *leęr* f₁₄ (3 sp av *lata*); *męęla* c₆ *ęętr* e₂₄ *ęęr* a₂ pron. (ę: *þęęr*); men ofte finnu me *e* (helst naar der er *n* tett attmed): *frenconor* b₂₀ *rena* b₁₆ *þreęll* d₇ *þvinest* d₁.

Merkn. 5. Alt i dette gamle fragment er der soleis i skrift skjepl med *e*-ljodarne. Der er likevel eit drag til aa skilja ut upphavleg *e* fraa *ę*-ljodarne og til aa skriva *e* framfor *n*. Ljodsamhøvet i denne handskrifti syner oss, at uttalen hev gjort mykje betre skilnad millom ljodarne enn skrivaren si skrift.

5. *þann* b₄ *þat* a₆ *þar* a₉ *þangat* f₂₆ *þingat* f₄.

6. *i*-ljodbrigdet av *o* og *ó* er *ę*: *ķomr* f₂₇ *đottr* b₂₁.

7. Priv. part. er alltid *ú*-: *udada* a₁₉ *ugilldr* e₁₆, *úillt* f₂₄.

8. Ingen halvljod: *garęr* e₁₃ *fęlldr* e₁₃ part., *ęęęr* e₁₉ 3 sp. Um *lidi*s f₁₀ sjaa § 17.

9 a. Tviljodarne vert skrivne:

au (oftast), t. d. *þau* f_{27} *lauc* e_{21} 3si, *lausum* b_{24} ; ogso *ou* (sjeldan):
tvou $c_{1.2}$.

ei og *ei*: *þeirra* c_8 (*þeirra* c_6) *beir* f_{10} *eigi* e_{23} *reisir* a_{16} *fléiri*
 f_{15} *veidi* f_6 *tvéim* c_{10} (*tveim* f_2).

ey, *ey*: *heyra* b_3 (*heyra* c_{15}) *huspreyur* a_3 *deyr* c_{10} *eyri* b_{13} ; 1 gong
øy i *heraðsflyt* a_7 .

b. Stigande tviljodar: *ia*, *io* (o: *io* og *iø*) *iu*; kons. *u* etter konsonant vert skriven *v*, so nær som etter *q*, t. d. *hwarer* e_5 *sveria* f_{19}
tvægga f_3 , men *quio* e_3 , *quedr* a_8 *quidiat* a_{12} .

10. Ljodsamhøve i endingar i det heile som i trøndsk, soleis at endingi er:

a. *e*, naar der i stavingi fyre er *a*, *á*, *e* (upphavleg, og alltid naar *n* + kons. fylgjer etter *e*) *o*, *ó*, *æ* *ø'*, t. d. *lande* b_{16} (2g) *smale* e_{10}
hwarge e_{15} *rane* b_{19} *veret* e_{22} , *hende* a_{23} *genget* f_7 *kenner* a_{25} , *lokenn*
 e_{19} *hofs* e_{25} *godgefe* f_7 *føre* e_{23} .

b. *i*, naar der i stavingi fyre er *e* (ljodbrigda *a*) som ikkje er fylgt av *n* + konsonant, framleides naar der i stavingi fyre er *i*, *u*, *ú*, *y*,
ý, *ei*, *ey*: *kétill* a_9 *faderni* d_{15} *firi* a_{17} (18g) *vitni* b_4 (10g) *kunni* b_6
þrutir e_{13} (npl av *þrutr* m. snute?) *husi* a_{11} *fylkiss* c_{16} *nytir* a_{24}
reisir a_{16} *eyri* b_{13} (2g); *Leysings* d_1 *gerðingar* e_7 (andre dømme med denne ending er det ikkje).

c. *o*, naar der i stavingi er *á*, *e* (upphavleg), *o*, *ó*, *æ*, t. d. *vattom*
 e_{14} *ero* a_{19} (5g) *utisetu* b_{15} *vetrom* c_4 *forno* e_{22} (2g) *nottom* b_2 *farsot-*
tom d_4 *frendom* b_{26} . — Undantak: *ordum* f_{22} (dpl av *orð* n).

d. *u*, naar der i stavingi fyre er: *e* (ljodbr. *a*) *i*, *í*, *u*, *y*, *ø*, *au*,
ei, *ey*, t. d. *stenu* (o: *stemnu*) f_9 *limu* e_{13} apl, *vitu* a_3 3pp (2g), *sinum*
 e_{16} *durum* b_9 *þyfsu* b_{15} *siolfum* c_7 *igognum* e_{18} præp. *golldrum* a_2
lausum b_{24} *eigu* b_{21} 3pp (5g), *huspreyur* a_3 .

Undantak: *somo* e_{23} *scolo* e_1 (5g) *scolom* a_{12} *honom* a_{26} (13g) *quio*
 e_3 *skemrom* f_{26} (komp. av *skammr*). I dei fire fyrste undantak kunde me tenkja oss at den upphavlege *ø* i fyrste stavingi hadde gjenge yver til *o*, og at ordi synte fram tiljammingsformer; men dette er lite rimelegt i so gamall tid, og sèt i samanheng med *quio* og *skemrom* er det mest trulegt at det er former som eigenleg eig heim i rygsk og sume hordske bygdemaal lenger sud.

Merkn. 6. I ord med *e* av eldre *ei* er endingsvokalarne *i* og *u*: *engi*
 a_{20} (5g) *hølgir* b_{24} *engum* e_{23} .

Merkn. 7. I former av *mega* er endingi *e*: *mege* c_{15} ; av *gera* *i*:
gerir a_{16} (3g) *gerði* b_{10} *gerisc* b_{22} ; *henne* a_3 (2g).

11. Det ubundne pron. og adj. artik. er *hinn* d_{15} nsm (4g), *hinir* b_{25} *hitt* e_{13} (*hit* c_{13}). Etterhengd artikkel er ikkje brukt i fragmenti, anna enn i: *ana* f_{13} asg av *á*.

12. *þ* og *ð* vert bruka som i trøndsk: *þann*, *eða* b_{15} *garð* e_9 *trygðar* b_{11} med samanskriven *ð* og *g*.

13. Fragmenti hev berre *mn*: *stemma* a_{26} (*mn* 5g) *stemandi* e_8 .

14. Alltid *g* (ikkje *gh*).

15. Fragmenti hev *ft*, so nær som i bøygningsformer av ord som endar paa *p* i roti: *aftr* a_{22} (5g), *eftir* b_{23} (2g), *skifti* e_{12} ofl. s. n. *skrifta* a_{14} ; men *keypti* d_{11} .

16. Av serskilde former er merkande:

For *byskup* og *konungr* hev handskrifti berre avstyttingarne *þ* og *k* og dativformerne *þe* a_{17} og *ke* b_{26} . Endingi *e* i dativ syner oss at der med det strengt gjennomførde ljodsamhøve i dette fragment maa ha stade *o* i stavingi fyre, og at oppløysingi maa vera: *kononge* og *biscope* (eller *byscope*)¹; — *bø* e_5 dsg; — *godgefe* f_7 ; (= *gudrgæve* G, cap. 85₉); — *hiuscap* b_{22} *hiun* c_1 pl. (2g); — *or* e_3 præp.; *igognum* e_{18} ; — *erendreke* a_{25} ; — *firi* b_6 (10g) *yf(ir)* a_{22} — *of* f_{21} præp. = *umb* e_8 (4g) *vmb* b_{18} *um* e_{18} ofl. — *aldrigi* a_{22} .

Merkn. 8. Aksentar er sjeldsynte, men *finst*: *á* f_{12} 3sp (av *eiga*) *á* f_{12} asg av *á* (elv), *úillt* f_{24} .

Merkn. 9. Den bilabiale spirant vert skriven *f* ogso i innljod: *hafe* e_{17} (4g).

Merkn. 10. Framfor palatal vokal stend *k*: *kennd* a_2 *ketil* a_9 ; elles jamnaste *c*: *coma* a_{22} *cono* a_6 *cann* a_4 *scal* a_8 *cris* a_{14} *þrescold* b_7 (men *þreskeldi* b_7). Likevel er der nokor ustøda, t. d. *taka* a_9 (*taca* b_{20}) *skrifta* a_{14} . Framfor tviljodar som byrjar med *u* stend *q*: *queðr* a_8 .

Merkn. 11. *z* i *manz* e_3 *garz* e_{10} *fialtz* f_7 .

Merkn. 12. Refleksivendingi i verb er alltid *-sc* eller *-zc*: *abyrgiasc* d_5 *blandasc* a_{20} *lize* e_2 .

Merkn. 13. *vel* a_9 adv., ogso *vel* b_{13} .

§ 17. Ordfanget. Merkande er *kna* a_{20} 3sp (av *knega*); *quio* e_3 synest her vera dat. sing. av eit nom. *kvía* f. (= *kví* f. som i dsg alltid hev *kví*). Ordet er i nyn. som i gn. einstavingsord so nær som paa Sunnm. og i Fjordarne, der det no heiter *kvíð*. *liðis* f_{10} er fulla

¹ I avtrykket i Ngl. II sida 496₄ og 497₁₅ er oppløyst *byscupe* og *konunge*, som visst ikkje er rett. G. hev paa same staden *kononge* (Ngl. I sida 19₂₁), og alltid *biscop*; Gfr. II hev alltid *byscop* og *konongr*.

gsg av *liði n.* = *lið n.* her med tydning »folkehjelp«. Paa Karlevisteinen vert ordet bruka i nom. sing. — *liþi* med tydning hovdings fylgje; *lyrittarr eið* a₂₇.

§ 18. Etter dette høyrer Gfr. I i maalvegen til nordvestlandsk. Med di den private partikel er *ú-* og der er *mn* (ikkje *fn*) og *ft* (ikkje *pt*) samstavar maalføret med maalføret i Ytre Sogn. (Sjaa § 11).

III. 3 fragment av den eldre Gulatingslog (Gfr. II).

Grunnlag: avtrykk i Ngl. IV, 3—13 etter upphavsskrifti i Am. 315 f fol. Faks. Ngl. pl. I 3. Tilvisingar til kapiteltali i logi.

§ 19. I desse fragmenti, som er fraa tidi fyre 1200 — sjaa Innl. sid. 9 — finn me:

1. *u*-ljodbrigdet av *a* er gjennomført, ogso um *u* er halden i andre staving: *holf* 228₄ *houuð* 10₄ (3g) *fodur* 21₁₁ (9g) *oll(u)* 302₃ *somu* 225₃ (5g) *somo* 226₄ *monnum* 156₁₀ (2g) *morcum* 10₈ (10g) *ollum* 10₁ (3g) *odrum* 227₁₇ *ondo* 20₉ s. f. ds *sogu* 156₁.

Undantak er: *marcum* 12₈ *kallum* 10₄ *ma(tunøyti)* 20₁₆ (trøndsk paaverknad).

Merkn. 1. *skolu* 10₈ er den vanlegaste form (13g; *skulu* 9₂, 8g); i fyrrtid *skylde* 21₂ og i fleirtal *skyldo* 21₃.

2. *u*-ljodbrigde av *á* i: *ær* 153₅ s. f. dsg (aar i baat), *ræs* 152₂ s. f. dsg, *tolmonodr* 12₁₇ apl, (*tolfmanadr* 11₃ apl. *tolfmanadr* 10₇ npl. *tolfman(a)ðer* 12₇ npl. og blandformi *tolfmonadr* 21₁₇ apl.) *voro* 21₁ dsn, *nottena* 21₅ *nottom* 304₇. Ogso dette ljodbrigdet er her vel gjennomført.

Merkn. 2. Av ordformer som *u*- og *v*-ljodbrigdet plar hava verknad paa, er merkande: *honum* 20₄ ofl. *gera* 11₂ *byskop* 9₂ (6g) *micla* 156₂.

3a. *i*-ljodbrigdet av *a* er oftast *æ*, t. d. *bæria* 20₁ inf. *æftir* 21₅ *fædr* 226₄ dsg (2g), *fæsta* 20₄ inf. *fællr* 12₆ 3sp *gærd* 10₅ *gængr* 304₃ *hældr* 20₁₀ *hæui* 9₃ 1sp (av *hafa*) *auskæri* 153₅ dsg, *læggia* 305₃ inf. *stændr* 11₃; sjeldan *e*: *gera* 11₂ ofl. *menn* 9₂ ofl. (*men* 21₆) *selia* 20₁₅.

Merkn. 3. *hværr* 225₁₁ (*hværn* 10₁₃ *hværri* 304₂ ofl.) *hvervetna* 227₁₈ *hværgi* 12₁₁ *hversso* 224₇.

Merkn. 4. Ikkje ljodbrigde i *utlagr* 302₂.

b. *e*-ljod, oppkomen av *ei*, vert skriven *æ*: *ængi* 21₈ ofl. *hælg* 10₂.

c. Upphavleg *e* vert jamnaste skriven *e*: *ber* 22₁ 3sp (av *bera*) *drepa* 21₁₁ *ec* 9₃ *eda* 10₆ ofl. *eta* 20₁₀ ofl. *nema* 156₆ konj. (4g; ogso *næma* 21₂) *quedr* 20₄ *vera* 11₂.

d. Etter *v* og framfor *rð* vert skrive *æ* eller *e*: *væðr* 11₃ *verðum* dpl. 21₁₂.

Upphavleg lang *e* (*ē*) i: *se* 10₁₃ 3spk *tre* 10₁₃.

Merkn. 5. Etterljodbrigde ved *i* er der ikkje merke etter i hdskr. *giallda* 153₁ ofl.

4. *i*-ljodbrigdet av *á* er *æ*: *bæðe* 301₁₄ *fær* 20₉ 3sp (av *fá*), *færre* 301₉ komp. *hælar* 21₃ *lætr* 12₁₇ 3sp (av *láta*) *mæla* 21₁₁ *næsta* 156₆ *ærend-* 9₁ (2g) = *ærand-* 20₂ (2g). Undantak: *frendr* 152₃ *frendsime* 227₁₈.

5. *þat* 10₁ *þar* 21₄ *þadan* 152₃ *þingat* 21₂ (2g); *þann* eller *þenn* finn me ikkje i hdskr.

6. *i*-ljodbrigdet av *o* (*ó*) er *ø*: *kømr* 10₇ (5g) *rør* 301₁₄ 3sp (av *róa*) *fotr* 303₅.

7. Privativ part. er *ú*- t. d. *ufratt* 21₁₀ (veikt), *ugort* 301₁₃ (ugjort).

8. Ingen halvljod: *ulfr* 156₁₀ *kømr* 10₇.

9. Tviljodarne vert skrivne:

au, t. d. *auda* 12₁₈ *laust* 21₆ adj. n. — I gong *æ* i *hins dæ* 227₇ (misskrift for *dæða*), *hins dauda* 152₃ 225₃ ofl.

æi, t. d. *næi* 22₆ *þeim* 10₁, *æigi* 10₇ (*þeir?* 304₃ for *þær*).

æy og *øy*: *æyða* 12₅ (3g) *læyvir* 302₄ (2g) *døyia* 21₄ *øyre* 10_{13·14} *øyri* 225₆.

Stigande tviljodar i: *biarga* 20₉ *bioda* 20₈ *fiorar* 227₃ *siuct* 21₇ *kiot* 20₁₁; I gong *ja* i *jamna* 226₅; ogso *ea* (= *eá*) i: *atean* 227₇ *fear* 21₁₇ *þrea* 12₁₉ (2g); og *eo*: *skeota* 153₄; *hvervetna* 227₁₈ *sva* 9₂ *tva* 226₁₁ (2g; *tua* 303₄) *tvitug-* 301₁ *tvær* 21₁₅ (2g) *hoggva* 301₇ *þvi* 10₁.

10. Ljodsamhøve millom *e* og *i*, *o* og *u* i endingar, men med eit drag burtimod *e* (for *i*) og *o* (for *u*), helst naar *e* og *o* stend i utljod. Handskrifti hev daa:

a. *e* etter *a*, *á*, *e* (upphavl.) *o*, *ó*, *æ*, *ø*, t. d. *barne* 21₁₁ (6g) *aller* 9₂ (16g) *bader* 21₁₉ *reke* 20₇ 3spk, *boret* 21₁ (3g) *dome* 10₁ (2g) *bæðe* 301₁₄ *føðer* 21₁₆.

Undantak etter *a*: *nakki* 21₂ *talit* 303₉ part.; etter *o*: *brøðrungi* 226₆ 3g (*brøðronge* 225₇, 4g).

b. *i* etter *æ* (ljodbr. a) *i*, *í*, *u*, *ú*, *y*, *ý*, *au*, *ei*, *ey*, t. d. *hævir* 12₁₉ (4g) *hværri* 304₂ *vili* 21₉ *tidir* 21₆ *systrungi* 226₁₁ (2g), *uti* 302₄ *syni* 224₁ dsg (av *son*) 20g, *lysir* 156₃ *caupi* 302₂ *æði* 303₁₂ *øyris* 228₂.

Undantak etter *æ* (ljodbr. a): *kænne-* 9₂ (men *kænnir* 20₂ 3g), *sætte* 10₂ (av *setja*) *ge(n)gner* 10₈ 12₇; etter *i*: *timbre* 12₁₄ *penninge*

20₁₁ (21₁₇) *hinne* 21₁₃ *inne* 21₁₅ (2g) *jinne* 21₁₇ (*inni* 156₁₀) *spiller* 22₁ (2g) *vitne* 156₂ *kile* 301₇ *lide* 301₁₁; etter *u*: *iordunne* 12₂₀; etter *y*: *fylkes-* 10₈ (*fylki* 10₄ *fylkis* 10₅ 4g) *skyldde* 21₂ *yuer* 21₁₁; etter *ey*: *øyre* 10₁₃₋₁₄ (*øyri* 225₆ 3g).

Merkn. 6. *frensdime* 227₁₈ for *frendsemi* synest vera ei tiljammingsform: *-semi* > *sini* > *sime*; smlk. *firi*, *firiv* i hdskr.

e. *o* stend etter *á*, *e* (upphavl.) *o*, *ó*, *ø* i fyrre staving t. d. *attongr* 10₁₁ (2g) *ero* 10₃ (14g) *-sesso* 301₁ *ærtogom* 225₁₁ *modor* 225₃ (18g) *brøðor* 225₇ (5g) *nottom* 304₇ *brøðrong-* 225₁₂ (15g).

Undantak: etter upphavleg *e* stend *u* i *verðum* 21₁₂. Merk *u* etter *a* i *marcum* 12₈ (*morcum* 10₈ 9g) og *kallum* 10₄ (trøndsk).

d. *u* stend etter *e* (ljodbr. *a*) *i*, *í*, *u*, *y*, *ø*, *au*, *ei*, *ey* i fyrre staving, t. d. *stæmnu* 21₁₃ *hværiu* 10₄ *kirkium* 10₁ (2g) *sinu* 22₂ (2g) *lutum* 225₅ (2g) *fyrstu* 21₁₃ *systrungr* 227₁ ofl. *fodur* 21₁₁ *aurum* 9₁ (9g) *hæidnu* 22₆ *æigu* 10₁₁ 3 pp (7g).

Undantak: *o* stend etter *e* (ljodbrigda *a*) i *hversso* 224₇; etter *y*: *skylldo* 21₃; etter *ø* i *ondo* 20₉ dsg (av *ønd*, sjæl), *somo* 226₄ (*somu* 225₃, 5g)¹.

Merkn. 7. Ljodsamhøvet er gjennomført i endingar paa *-ing(r)* og *-ung(r)*: *peningum* 225₁₀ *systlingi* 225₈ *attongr* 10₁₁ (2g) *brøðrong(r)* 226₁ ofl. *fiordongr* 10₁₀ *konong(s)* 20₁₂ *systrungr(r)* 227₁ ofl. *þriðungi* 227₁₉ ofl.

Merkn. 8. Den etterhengde artikkel berre i *nottena* 21₅ og *iordunne* 12₂₀. — *þic* 21₁₁ *sic* 301₁₀ ofl.

Merkn. 9. Etter *æ* av upphavleg *ei* fylgjer *i* og *u*, t. d. *ængi* 21₈ *hæljgi* 10₂ *hælgv* 21₅. — I former av *gera* og *mega* er der jamnaste *e* og *o*: *mege* 21₇ *mege* 21₈ *gerer* 12₁₃ ofl. (*-ir* 12₁₂ 301₁₄).

11. Adjektiv-artikelen er *hinn* 10₂ *hins* 152₃ *hinum* 156₄ *hitt* 227₂ (*hit* 156₂) *hinu* 224₅.

12. *þ* og *ð* som i vanleg gamaltrøndsk. *lð* hev vorte *ld*, t. d. *talder* npm 224₇ *talda* apm 227₁₇.

13. Handskrifti hev *mn* i ord som *namne* 21₁₁ *stæmne* 302₁ *stæmnu* 11₂ ofl. *jamna* 226₅ (i samansetning *jam-* 225₄).

14. *gh* finst ikkje.

¹ I staden for *hitt somu* 227₂ hev G paa same staden *at somu* liksom dette fragmentet 225₃₋₇. Men merkelegt er det at me ogso andre stader raakar paa den same uregelretta, soleis *hit somo* Gfr. III 85 (Ngl. I sid. 118₁₂) og *hit somu* Ældr. Frost. XI, kap. 24₅. Truleg er det ei samanblanding (berre i skrift?) av *at somu* og *hit* eller *et sama*.

15. Fragmentet hev *ft* i ord som *aftv* 302₂ (2g) *æftir* 21₅ (2g) *haft* 21₁₃ (av *hafa*) *skifta* 10₁₁ *tuft* 10₆ (9g); berre i gong *pt* i *skriptu* 21₁₈ (latin).

16. Serskilt er merkande:

Fyrrnordisk ljodskifte *e* og *i*, *o* og *u*: *rennr* 153₄ ofl. 3sp (av *renna*), *viganda* 225₁ ofl. (præs. partic.) *konongr* 10₂ (2g) *oxa* 303₄ asg, *sunr* 227₂ ofl. *sonar*(?) 21₁₂ gsg, *syni* 224₁ ofl. *rossa* 20₁₁ gpl, *þrea tugu* 12₂ apl. — *boande* 12₁₂ or 10₁₁, præp.

Fyrrnordisk *aiw* til *æ* i *sæ* 305₂ asg.

Substantivendingi *-endi* berre i *ærendreki* 9₁ 11₂ *ærandreke* 20₂ 22₅ (jfr. nyn. *ærand*, Selja i Nfj.).

Ljodbrotet er gjennomført paa vanleg vis; merkande er *figurra* 227₃ gpl.

Ingi aksentar.

Ymse vokalhøve:

koma hev i notid *kóm*r 10₇ ofl. *ofsta* 227₁₆ 228₅ skifter med *æfsta* 227₁₇. *ærtogom* 225₂ ofl. *orkymlum* 21₂ *orsæckir* 301₄ *orsæckiu* 303₈. *firi* 10₁₀ (31g) *firir* 12₁₆ (3g); men *yuer* 21₁₁ *skyld*e 21₂ 3si (av *skolu*); *frendsime* 227₁₈ (< *frendsimi* < *frendsemi*).

Ingen yvergang fraa *i* til *y* framfor *rð*: *hirða* 304₁.

Konsonantypergang.

ðl > *ll* i *bralla* 21₇ adv.; *-nn* > *ð* i *mudr* 156₁.

nd > *ld* i *høgelde(kirk)jur* 12₄ (jfr. nyn. *tarvelle* Ryf. *tarvelda* Nhl. for *tarvende*, gn. *þarfendi*).

For klanglaus konsonant stend klangfór i *stiugsyni* 225₁₀ (berre for *auga*?).

ver 10₁ pers. pron.

Midkonsonant er burtfallen i *anlít* 21₂ *tolmonodr*- 12₇. *-m* er burtfallen i verbalending framfor *vér*: *æigu ver* 10₆ *skolu ver* 10₈ (*ver æigum* 10₄). *r* er burtfallen i *þrim* 225₂ (4g; *þrimr* 10₁₂, 13g) og alltid i *tvæim* 225₅; jfr. nyn. *trēm'å* og *tvöm'å* dat. av *tri* og *two*, Sunm. (foraldr); sameleis er *r* burtfallen i *við* 9₁ ofl. præp. etter jamlaging med *með* 21₂ (*viðr* adv. hev halde paa *r*, t. d. 152₅).

r er innskoten etter *ð* framfor *n* i *hæidrnu* 22₃ (*hæidnu* 22₆ *hæidnum* 21₄). Sjaa G. Tr. § 44 merkn. og jfr. nyn. *fraa einare ho'ja* Sfj. av *frá hæidrnum haugi* (*frao hin hauj'en*, indre Sogn).

l er lengd framfor *d* og *t* (ikkje gjennomført) t. d. *alldrigin* 12₁₃ *giallda* 153_{1.2.3} *hallda* 10_{2.5} ofl. *hælldr* 20₁₀ *allt* 302₅ 304₄, og jamvel *mællt* 303₁₁ (tala); men *n* er ikkje lengd i denne stoda, t. d. *hundr* 20₁₀ *blanda* 20₁₆.

Lang konsonant stend for einskild ogso i: *skippræiðu* 304₆, og umvendt stend stutt konsonant for lang i: *ber* 22₁ 3 sp (av *bera*) *men* 21₆ npl av *maðr* (oftare *menn*, t. d. 9₂).

Ymse konsonanthøve.

Framfor palatal vokal stend alltid *k*: *kænnir* 20₂ *kirkiu* 10₄ *slikir* 156₉ *orkymlum* 21₂. I andre høve vert helst skrive *c*: *marcum* 10₈ *cristnum* 10₁, men ofte er der ogso *k*: *konogr* 10₂ *skolu* 10₈ *kallum* 10₄; framfor *ue* stend *q*: *quedr* 20₄. Lang *k* vert helst skriven *ck*, men ogso *kk*. t. d. *usæckiu* 153₄ *sæckize* 9₁ *nakki* 21₂.

